



Klare for festkonsert i Grieghallen: Frå venstre Vegard Skåle, Vegard Døssland, Marius L. Torjusen og Bjørn Naterstad.

Hordaland Ungdoms Brass Band (HUBB) hadde den tredje samlinga si for sesongen sist helg. Samlinga var på Manger, og fire av dei 45 musikarane kom frå Kvinnherad. Det var dei to uskedelingane Bjørn Naterstad og Vegard Døssland, og Vegard Skåle og Marius L. Torjusen frå Rosendal.

Samlinga starta fredag kveld, og etter mykje øving og sosial moro var korpset klar til avslutningskonsert søndag ettermiddag. Då var det tydeleg at vi var i eit område der interessa for brassmusikk er stor. Før konserten kunne starta, sytte publikumstilstrøyminga for at det måtte setjast ut eit betydeleg antal ekstrastolar.

Konserten hadde ei stilfull opning. Korpset spela folketonen "Ro, ro til Siraland" medan dei marsjerte inn i salen. Etter at korpset hadde sett seg, var det klart for euphoniums-solo. I stykket "Love of my life" av Freddie Mercury briljerte Helene Reigstad på instrumentet sitt. Dette var eit av høgdepunkta på koserten, men utover i konserten fekk publikum oppleve fleire. Vi nemner berre tuba-sekstetten i den gamle Neal Sedaka-klassikaren "Breaking up is hard to do" og "Trailblaze" av Goff Richards som to av desse. Her fekk publikum oppleve publikumsvennleg musikk framført på høgt kvalitetsnivå.

Dette var tredje konserten etter at den nye besetningen vart etablert sist haust. Den viser at korpset no er meir samspela, og det var derfor den beste koserten dette kretkorpset har hatt denne sesongen.

Programmet korpset framførte i helga, skal dei og bruka i Grieghallen lørdag 5. april. Då er dei nemleg engasjert til å spela på festkonserten i samband med Hordablæsten. Hordablæsten er eit stort arrangement med m.a. konkurranse for skulekorps, ensemble og solistar. På festkonserten er det venta at Grieghallen, med sine 1600 plassar, vil vera fullsett. Derfor vert nok dette ei stor oppleving for dei 4 kvinnheringane og resten av HUBB-medlemmene. Det store publikum kan venta seg ei fantastisk konsertoppleving.

Av Thor Inge Døssland